



Instruktør Gudrun Arntsen trur det blir ein bra film

Vi har intervjuet filmgruppa. Gruppa går ut på at dei skal lage ein musikkvideo til sangen 'A sky full of stars' av bandet Coldplay. Dei har filma i båthavna og med grana i Uskedalen sentrum. Det er ei sprulande og glad gruppe, med 11 påmeldte.

Festidagbladet: Sunniva E. Myklebust og Tina B. Eik.

Flesteparten av deltakarane er uskedølingar, og det er ei tilreisande, som kjem frå Stavanger og heiter Sol. Leiaren Gudrun Arntsen(40) kjem frå Omvikedal, men bur i Stavanger.

- Det kjekkaste er å filma og vera framfor kamera, seier Andrea Hjelmeland(12).
- Måtte dåke ha med dåke noko utstyr?
- Vi måtte ha med oss paraply og ukulele, svarer Andrea.

Filmgruppa jobbar torsdag og fredag og skal ha framsyning for foreldra på laurdag. Vi trur det blir ein bra film!



Andrea Hjelmeland spelar ukulele i regnet.